



Renata Beata Margas  
Svindalsvegen 4  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10264 - 20/73852

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
18.11.2020

## Svar på e-post av 18.11.2020 - gbnr 29/20 Hauge

Viser til vårt brev av 15.06.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert avvik i septiktanken dykkar, og til vårt brev av 12.11.2020 med førehandsvarsel om pålegg om retting av avviket.

Alver kommune har motteke e-post frå Renata Beata Margas med diverse spørsmål.

Utbetring av septiktank der det er rapportert om lekkasje, skjer ved å kontakte ei rørleggerverksemd og be om at dei i fyrste omgang foretar ein visuell inspeksjon av tanken. Dersom dei finn at det er lekkasje i tanken eller at det er vanskeleg å definere kor lekkasjen har oppstått, må man bestille ei ekstratømning hos Norva24 AS for å kunne lokalisere lekkasjen.

Ved telefon til kontaktperson hos Norva24 AS får vi opplyst at det er registrert eit avvik i tanken, og i følgje Norva24 AS må dette rettast opp. Så lågt nivå i tanken som bilete (sjå vedlegg) viser, betyr at tanken ikkje fungerer slik den skal. Biletet viser og at det går eit røyr rett i gjennom 2. kammer. I følgje Norva24 AS er måten dette røyrret er murt inn i 2. kammer ikkje en del av ei godkjend avløpsordning.

Vi legg ved e-posten som vi mottok frå Norva24 AS etter tømning av tanken den 25.05.2020, der vi blir informert om tilstanden på septiktanken på eigedommen dykkar.

I vårt brev av 15.06.2020 ligg det ved eit tilbakemeldingsskjema som skal sendast til kommunen når tanken er reparert. Vi legg ved dette på nytt og ber om at skjemaet blir fylt ut og sendt i e-post eller i post til:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no), eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Frist for utbetring av tanken og for innsending av tilbakemeldingsskjema vert sett til **13.01.2021**.

Ytterlegare spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Melding om avvik - lågt nivå - GBNR 29/20 Hauge  
AnleggID=63985\_OppdragID=2296212\_DSC00452  
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Renata Beata Margas  
Wieslaw Margas

Svindalsvegen 4  
Svindalsvegen 4

5913  
5913

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG